



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 29.11.2016 kl. 15:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Terje Mørk	Medlem	Ikkje til stades i sakene 66-67
Ingvild Loftheim	Medlem	
Halldis Rørvik	Medlem	
Harriett Norstrand	Medlem	
Anne Grethe Lien	Medlem	Ikkje til stades i sakene 66-67
Leif Jørgen Leknes	Medlem	
Aud Eldrid Frøholm	Medlem	
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Arne Fedøy	Medlem	
Else Stølen	Medlem	

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

Andre møtande:

Reidar Knapstad Prost

Forfall:

Ingen

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/60		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2016/61		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 03.11.2016	RUNE ZIENER
SR 2016/62		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2016/63		Møteplanar	RUNE ZIENER
SR 2016/64		Offerliste desember 2016 og 1. halvår 2017	RUNE ZIENER
FR 2016/65		Budsjettjustering, driftsbudsjett 2016	RUNE ZIENER
FR 2016/66		Leiarlønn	
FR 2016/67		Prosjektstilling i gravplassadministrasjonen	RUNE ZIENER

Askvoll, 29.11.2016

Rune Ziener
ref.

SR 2016/60 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2016/61 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 03.11.2016

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 03.11.2016 slik den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 03.11.2016 slik den ligg føre.

SR 2016/62 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar vart lagt fram i møtet:

- M 2016/49 Drøfting. Prestesituasjonen i Askvoll frå 01.01.2017.
- M 2016/50 Kulturdepartementet: *Om søknad fra Askvoll kommune om ekspropriasjon av grunn for sikring av gravplass* (26.10.2016)
- M 2016/51 Kyrkjebladet for Askvoll vert 100 år 04.02.2017. Korleis markere dette?
- M 2016/52 Søknadsfrist OVF-midlar: 01.12.2016
- M 2016/53 NMS: Informasjonsskriv til samarbeidskyrkjelydar (08.11.2016)
- M 2016/54 Askvoll kommune: Årsbudsjett 2017 økonomiplan (relevante utdrag) 2017 til 2020
- M 2016/55 Askvoll kommune: Endringsoppseiing av avtale
- M 2016/56 Askvoll kyrkjelydsutval: Møtereferat 15.11.2016
- M 2016/57 Vilnes kyrkjelydsutval: Møtereferat 17.11.2016
- M 2016/58 Diakoni i Askvoll - vegne vidare
- M 2016/59 Kvammen kyrkjelydsutval: Møtereferat 22.11.2016
- M 2016/60 Bjørgvin biskop: *Holmedal kyrkje - Søknad om godkjenning av ny løpar* (29.11.2016)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

MØTEHANDSAMING

VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering, og desse sakene vert fulgt opp slik:

M 2016/51: Ein prøver å få til eit utstillingsprega prosjekt som 100-årsmarkering, gjerne i samarbeid med bibliotek/skule. Eit eige jubileumsnummer av kyrkjebladet vert også vurdert. Wenche Ness Gabrielsen tek ansvar for vidare oppfølging.

M 2016/52: Ein ber om forlenga frist for søknad om OVF-midlar, og lagar til ein søknad om støtte til kyrkjebladjubiléet.

M 2016/58: Ein arbeider vidare med kartlegging av diakoni som går føre seg i soknet, og kyrkjelydsutvala som ikkje har levert kartleggingsskjema vert oppmoda om å gjere dette, eventuelt å rapportere på diakonale oppgåver i årsrapportering.

SR 2016/63 Møteplanar

UTGREIING

Det bør verte utarbeidd ein møteplan for første halvår 2017.
Soknerådet kan vurdere om ein skal halde fram med møte om lag ein gong pr. månad.
Nokre saker som ein veit vil komme er sett inn i planforslaget.
Det er i forslaget lagt opp til møtefri mars og mai, og at ein slik legg opp til 8 årlege møte

Forslag til møteplan 1. halvår 2017:

Torsdag 12. januar (vedta årsbudsjett, formell frist 14. januar).
Torsdag 23. februar (vedta årsrekneskap og årsmelding, formell frist før 1. mars).
Torsdag 20. april.
Torsdag 15. juni i Bulandet (vedta offerliste 2. halvår).

Søndag 23. april: Årsmøte (etter 1. april).

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2017 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet om at møtedagane vert endra til tysdagar, dei samme vekene. Alternativ møterekkje vert då:

Tysdag 10. januar (vedta årsbudsjett, formell frist 14. januar).
Tysdag 21. februar (vedta årsrekneskap og årsmelding, formell frist før 1. mars).
Tysdag 18. april.
Tysdag 13. juni i Bulandet (vedta offerliste 2. halvår).

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2017 i samsvar med føreslaget sett fram i møtet.

SR 2016/64 Offerliste desember 2016 og 1. halvår 2017

UTGREIING

Det er vedteke offerliste for soknet t.o.m. november månad (t.o.m. desember for Bulandet). Det bør no vedtakast offerliste ut heile desember 2016 og første halvår 2017. Kyrkjelydsutvala har sendt inn forlag på offerføremål som det går fram av lista nedanfor. Ved manglande forslag vert desse sett fram i møtet.

Grunna prestesituasjonen frå 1. januar 2017, må ein rekne med at det vert endringar i oppsett gudstenesteliste, og at nokre av gudstenestene utgår.

Offerliste desember 2016

11.12.2016	11:00	Askvoll kyrkje	Vanleg gudsteneste	KFUK/KFUM Sjf.
24.12.2016	16:00	Askvoll kyrkje	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
25.12.2016	12:00	Askvoll kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
31.12.2016	16:00	Askvoll kyrkje	Minnegudsteneste	Ikkje offer
04.12.2016	15:00	Holmedal kyrkje	Lysmesse	Kyrkjebladet
24.12.2016	16:00	Holmedal kyrkje	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
04.12.2016	18:00	Bulandet kapell*	Vanleg gudsteneste	Ikkje offer (jf. sak SR 2016/56)
24.12.2016	13:00	Bulandet kapell*	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
24.12.2016	13:30	Kvammen kapell	Familiegudsteneste	Kirkens Nødhjelp
26.12.2016	11:00	Vilnes kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Kirkens Nødhjelp

*Er vedteke tidlegare

Offerliste 1. halvår 2017

01.01.2017	1700	Holmedal	Kirkens Bymisjon i Bergen
08.01.2017	1100	Askvoll	Kirkens SOS
15.01.2017	1100	Bulandet	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
15.01.2017	1900	Vilnes	Skilbrei Ungdomssenter
22.01.2017	1100	Holmedal	Kyrkjebladjubileum
29.01.2017	1500	Kvammen	Det Norske Bibelselskap
29.01.2017	1100	Askvoll	Det Norske Bibelselskap
29.01.2017	1900	Stongfjorden	Stongfjorden kapell
05.02.2017	1100	Vilnes	Kirkens Bymisjon, Bergen
12.02.2017	1100	Bulandet	Kyrkjebladet
12.02.2017	1900	Askvoll	Sjelesorgssenteret, Modum Bad
19.02.2017	1100	Holmedal	Det Norske Bibelselskap
19.02.2017	1900	Kvammen	Kvammen kapell
26.02.2017		Gudstenestefri	
05.03.2017	1100	Bulandet	Kyrkjelydsarbeidet
05.03.2017	1100	Vilnes	Søndagsskuleforbundet Region Bergen
12.03.2017	1100	Askvoll	Norsk Luthersk Misjonssamband
12.03.2017	1900	Kvammen	KFUK/KFUM
19.03.2017	1100	Holmedal	Kyrkjebladet
26.03.2017	1100	Askvoll	Laurdagsklubben

02.04.2017	1100	Bulandet	Institutt for sjelesorg, Modum Bad
02.04.2017	1900	Vilnes	Haraldsplass diakonale stiftelse
13.04.2017	1900	Holmedal	Kyrkjelydsarbeidet
13.04.2017	1900	Vilnes	Sjømannskyrkja, Sogn og Fjordane
14.04.2017	1900	Kvammen	Ikkje offer
16.04.2017	1200	Askvoll	Søndagsskuleforbundet Region Bergen
17.04.2017	1900	Stongfjorden	Kyrkjelydsarbeidet
23.04.2017	1745	Askvoll	Kyrkjebladet
30.04.2017	1100	Holmedal	Holmedal Bedehus
07.05.2017	1100	Askvoll	Askvoll kyrkje
13.05.2017	1100	Vilnes	Vilnes kyrkje
17.05.2017	1100	Holmedal	Holmedal kyrkje
17.05.2017	1230	Askvoll	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
20.05.2017	1100	Bulandet	Bulandet kapell
21.05.2017	1100	Kvammen	Kyrkjelydsarbeidet
28.05.2017		Gudstenestefri	
04.06.2017	1200	Askvoll	Norsk kyrkje i utlandet
11.06.2017	1330	Askvoll	Kyrkjelydsarbeidet
18.06.2017	1100	Holmedal	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
25.06.2017	1100	Vilnes	Det Norske Bibelselskap
25.06.2017	1900	Bulandet	Kirkens Bymisjon i Bergen

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlister for desember 2016 til juni 2017 i samsvar med forslaga i tabellen.

MØTEHANDSAMING

Lista vart komplettert med innkomne forslag i møtet (lagt inn i tabellen over).

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlister for desember 2016 til juni 2017 i samsvar med forslaga i tabellen.

FR 2016/65 Budsjettjustering, driftsbudsjett 2016

UTGREIING

Etter gjennomgang av 2. tertialrapport og oppdaterte rekneskapen og seinare, er det nødvendig å justere enkelte budsjettpostar.

Rekneskapskapitla for kyrkjer og gravplassar ligg an til meirutgifter/mindre utgifter enn tidlegare budsjettert, med totalt kr 129.500,-.

Kompensasjon for dette er henta frå rekneskapskapittel kyrkjeleg administrasjon.

Rekneskapsrapport pr. 15.11.2016 ligg ved saka.

Kap 04100 Kyrkjeleg administrasjon

30100	Fast løn	-30 000,00
30800	Godtgjersle folkevalde	-20 000,00
30990	Arbeidsgjevaravgift	-5 200,00
31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	-30 000,00
31400	Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	-2 500,00
31500	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	10 000,00
31700	Transport, drift eigne transp.mid. (ikkje oppg.pl.)	-3 000,00
32000	Inventar og utstyr	-2 500,00
32200	Leige, leasing, kjøp av maskiner	-2 000,00
32300	Vedlikehald av bygg og anlegg	-2 000,00
35400	Avsetnadar til ubundne fond	-4 300,00
35700	Overføringar til investeringsrekneskapet	2 000,00
37100	Refusjon sjukepengar	-30 000,00
39500	Bruk av bundne fond	-10 000,00
04100	Kyrkjeleg administrasjon	-129 500,00

Det er budsjettert for høgt med lønnsutgifter til administrasjon og møtegodtgjersle til rådsmedlemmer, og totalt kr 50.000,- er redusert her.

Her er også lagt inn nokre andre justeringar etter utgifter gjennom året, på forbruksmateriell, annonsar og kursutgifter.

Ein vil få kr 30.000,- i sjukelønnsrefusjon som ikkje var budsjettert.

Kr 10.000,- til stabsutvikling finansiert med avsett tilskot frå KA i 2015 var ikkje budsjettert i opphavleg budsjett, og er no innarbeidd i forslaget.

Kostnad til eigenkapitalinnskott overført til investeringsrekneskapen er oppjustert med kr 2.000,- i samsvar med sist justering i investeringsbudsjettet.

Kap 04200 Kyrkjer

30100	Fast lønn	60 000,00
30101	Avtalefesta tillegg	17 000,00
31500	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	-2 500,00
31700	Transport, drift eigne transp.mid. (ikkje oppg.pl.)	4 000,00

32000	Inventar og utstyr	-42 000,00
32300	Vedlikehald av bygg og anlegg	3 000,00
35400	Avsetnader til disposisjonsfond	140 000,00
37700	Refusjon frå andre m. opdg	-85 000,00
39500	Bruk av bunde fond	-23 000,00
04200	Kyrkjer	71 500,00

I dette kapitlet er det endringsforslag primært som følgje av endringar i soknet sin VU-plan samt høgre lønnsutgifter enn budsjettert.

I forhold til gjeldande VU-plan vil ein ikkje få gjennomført innan budsjettåret:

- Utbetring av klokketårn og ny tilkomst til klokketårnet på Vilnes kyrkje, då dette arbeidet er tilrådd utsett til våren
- Ferdigstilling av interiør i Askvoll kyrkje, då ein ikkje har fått avtale om å få dette arbeidet på plass
- Skifte isolasjon under korgolvet i Askvoll kyrkje, då ein ikkje har fått inn noko tilbod på dette arbeidet

Samla stipulert kostnad til dette er kr 140.000,-

Desse midlane er føreslege avsett til disposisjonsfond med tanke på gjennomføring i 2017. Avsetninga føresett at ein elles ikkje går med driftsunderskot.

Frå vedteke VU-plan er det vidare føreslege at ein tek ut varmestyringsløyising til Holmedal kyrkje, oppbevaringsløyising til Kvammen kapell.

Kr 85.000,- i skadeerstatning frå forsikringsselskap er lagt inn i budsjettet og finansierer delar av utbetningskostnaden.

Lønnsutgifter er justert opp med kr 60.000,- samt oppjustering av utbetalt tilleggslønn. I og med at nær sagt alle på teneste 04200 er timetilsette utan fast arbeidstid, er det utfordrande å budsjettere korrekt.

Kap 04300 Gravplassar

31700	Transport, drift eigne transp.mid. (ikkje oppg.pl.	3 000,00
32000	Inventar og utstyr	5 000,00
32500	Materiale til vedlikehald	2 000,00
36201	Sal av varer og tenester, gebyr	8 000,00
36301	Utleige av lokale, festeavgift	40 000,00
04300	Gravplassar	58 000,00

Ein ligg an til å få inn omkring kr 40.000,- mindre enn budsjettert i festeinntekter, og 8.000,- mindre enn budsjettert frå gravleggingsavgifter, så her er inntekten nedjustert.

Her er vidare lagt inn utgift til ferjekort, kjøp av høgtrykksspylar og materiale til vedlikehald som ikkje var budsjettert.

Kap. 04432 Trusopplæring

31700	Transport, drift egne transp.mid. (ikkje oppg.pl.	12 000,00
36100	Betaling frå deltakarar	-16 000,00
38000	Tilskot frå staten/statlege institusjonar	59 000,00
39500	Bruk av bunde fond	-55 000,00
04432	Trusopplæring (0-18 år)	0,00

Grunna vakanse/sjukefåver i 2015, var det eit mindreforbruk her på om lag kr 78.000,-. Desse midlane er avsett til bunde fond for trusopplæring ved årsslutninga for 2015. Mindreforbruket her har ført til avkorting i statleg tilskot for 2016 på i underkant av kr 59.000,-.

Ein vil få inn om lag 16.000,- meir i deltakarbetaling enn først rekna med.

Ein kjenner fortsatt ikkje dei fulle kostnadene til weekend og nattcup, så utgiftspostane vert ståande som først budsjettert.

Heile tenesta vert saldert mot bunde fond, med bruk av inntil kr 43.000,-.

Kap. 04479 Kyrkjeblad

31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	-41 000,00
36201	Sal av varer og tenester, gebyr	47 000,00
39500	Bruk av bunde fond	-6 000,00
04479	Kyrkjelydsblad	0,00

Forventa utgift til trykking er nedjustert i og med vedtaket om at ein skal ha berre tre nummer av kyrkjebladet kvart år.

Vidare er inntekt frå bladpengar og annonsesal nedjustert med kr 47.000,- basert på inntømne midlar i rekneskapsåret.

Slik det ser ut no, ligg ein an til å måtte dekke inn kyrkjebladet sitt underskot med bruk av bunde fond (kyrkjeblad/kyrkjelydsarbeid).

Samla budsjettjustering

Konto	Konto(T)	Endring
30100	Fast løn	-30 000,00
30800	Godtgjersle folkevalde	-20 000,00
30990	Arbeidsgjevaravgift	-5 200,00
31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	-30 000,00
31400	Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	-2 500,00
31500	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	10 000,00
31700	Transport, drift egne transp.mid. (ikkje oppg.pl.	-3 000,00
32000	Inventar og utstyr	-2 500,00
32200	Leige, leasing, kjøp av maskiner	-2 000,00

32300	Vedlikehald av bygg og anlegg	-2 000,00
35400	Avsetningar til ubundne fond	-4 300,00
35700	Overføringar til investeringsrekneskapet	2 000,00
37100	Refusjon sjukepengar	-30 000,00
39500	Bruk av bundne fond	-10 000,00
04100	Kyrkjeleg administrasjon	-129 500,00
30100	Fast løn	60 000,00
30101	Avtalefesta tillegg	17 000,00
31500	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	-2 500,00
31700	Transport, drift egne transp.mid. (ikkje oppg.pl.)	4 000,00
32000	Inventar og utstyr	-42 000,00
32300	Vedlikehald av bygg og anlegg	3 000,00
35400	Avsetnader til disposisjonsfond	140 000,00
37700	Refusjon frå andre m. opdg	-85 000,00
39500	Bruk av bunde fond	-23 000,00
04200	Kyrkjer	71 500,00
31700	Transport, drift egne transp.mid. (ikkje oppg.pl.)	3 000,00
32000	Inventar og utstyr	5 000,00
32500	Materiale til vedlikehald	2 000,00
36201	Sal av varer og tenester, gebyr	8 000,00
36301	Utleige av lokale, festeavgift	40 000,00
04300	Gravplassar	58 000,00
31700	Transport, drift egne transp.mid. (ikkje oppg.pl.)	12 000,00
36100	Betaling frå deltakarar	-16 000,00
38000	Tilskot frå staten/statlege institusjonar	59 000,00
39500	Bruk av bunde fond	-55 000,00
04432	Trusopplæring (0-18 år)	0,00
31200	Anna forbruksmateriell/råvarer og tenester	-41 000,00
36201	Sal av varer og tenester, gebyr	47 000,00
39500	Bruk av bunde fond	-6 000,00
04479	Kyrkjelydsblad	0,00

Justert VU-plan 2016

Tiltak (linjer i kursiv er ferdige tiltak)	Stip. utgift	Justert	Utsett til 2017
<i>AV-utstyr</i>	20000	20000	
<i>Oppbevaringsløyising, Askvoll kyrkje</i>	10000	10000	
<i>Oppbevaringsløyising, Kvammen kapell</i>	5000	0	
<i>Oppgradering varmestyringssystem, Askvoll kyrkje</i>	5000	7000	
<i>Stabsutviklingstiltak</i>	15000	12000	
<i>Galleritrapp Holmedal kyrkje</i>	100000	114000	
<i>Utstillingsmonter til messehakel i Holmedal</i>	10000	20000	
<i>Utbetring av lekkasje og sikring av tilkomst til klokketårn i Vilnes</i>	50000	0	50000
<i>Ferdigstilling interiør Askvoll kyrkje (skip)</i>	50000	0	50000

Automatisk varmestyring Holmedal kyrkje	10000	0	
Uføresett	50000	50000	
Utbetring etter forsikringsskade (FR 2016/14)	73000	76000	40000
Kontroll kyrjeklokker/ringeanlegg (FR 2016/28)	20000	20000	
Ny golvløpar, Holmedal kyrkje (FR 2016/53)	0	23000	
Sum utgift	418000	352000	140000

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd justerer driftsbudsjett 2016 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd justerer driftsbudsjett 2016 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

FR 2016/66 Leiarlønn

UTGREIING

Saka vert utgreidd bere ved å vise til faktiske forhold kring lønnsfastetjing for dagleg leiar, samt henvising til Hovudtariffavtalen sine bestemmelser om regulering av leiarlønn. Askvoll sokneråd bør følgje opp saka slik dei finn det mest tenleg.

Etter KA sin hovudtariffavtale kap 3.4 skjer fastsetting og regulering av leiarlønn lokalt. Sist leiarlønnjustering i Askvoll vart gjort med verknad frå 01.05.2015.

Her er Hovudtariffavtalen sine bestemmelser om regulering av leiarlønn:

3.4 Ledere

3.4.0 Innledende merknader

1. Lederstrukturen fastsettes lokalt.
2. Lønnsfastsettelsen for ledere skjer lokalt gjennom vurdering ved tilsetting og på grunnlag av bestemmelser i Hovedtariffavtalen.
3. Virksomhetens øverste leder(e) får lønn fastsatt etter kapittel 3, pkt. 3.4.1.

Øvrige ledere får lønn fastsatt etter bestemmelsene i hhv. kapittel 4 eller kapittel 5.

3.4.1 Lederavlønning – øverste leder(e)

Lønn til daglig leder av fellesrådets virksomhet, jf. kirkeloven § 13, 2. ledd, og lederstillinger på tilsvarende nivå og/eller med sammenlignbart arbeids- og ansvarsnivå, fastsettes etter forhandlinger. Vurdering av lederlønninger kan foretas en gang i året.

Grunnlaget for vurderingene er ett eller flere av følgende kriterier:

- Oppnådde resultater i forhold til virksomhetens målrettede aktiviteter
- Utøvelse av lederskap i forhold til virksomhetens mål

- Betydelige organisatoriske endringer
- Behov for å beholde kvalifisert arbeidskraft.

Kommer partene ikke til enighet ved forhandlinger, kan tvisten ikke ankes. Arbeidsgivers siste tilbud skal da vedtas.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Innkomme lønnskrav vart lagt fram i møtet.

VEDTAK MOT 1 RØYST

1. Leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd får fullmakt til å slutføre lønnsforhandlingane om leiarlønn innanfor sett ramme.

FR 2016/67 Prosjektstilling i gravplassadministrasjonen

UTGREIING

Siste åra har kyrkjeseekretæren hatt ei 20% utvida stilling for å arbeide med oppdatering av gravregisteret som er mangelfullt.

Frå 1. februar 2017 er dagens løysing ikkje lenger aktuell. I førebels budsjettvedtak for 2017 er det lagt inn ei forutsetning om at tilleggsressursen er med gjennom budsjettåret.

Etter kyrkjeverja si oppfatning er det behov for vidareføring av denne tilleggsressursen, då det framleis står att mykje arbeid for å få eit fullstendig oppdatert gravregister.

Ein bør derfor få inn ein ny person som kan gjere dette arbeidet, og ein bør opprette ei ny prosjektstilling for dette.

Ein bieffekt av å få inn ein ny person i administrasjonen, vil vere at ein t.d. kan ha betre moglegheiter til å kunne setje inn vikar ved sjukdom m.v.

Etter Askvoll sokn sitt reglement for administrasjonsutvalet § 3, ligg tilsettingsmynde for ei slik stilling hos dette utvalet.

Kyrkjeverja har utarbeidd vedlagde stillingsutlysing for ei slik prosjektstilling.

Økonomi

Ei 20% stilling i lønnsgrupe 2 (fagarbeidar) vil med tilsett med middels lang ansiennitet ha ein årleg kostnad på i underkant av kr 100.000,-.

Denne kostnaden vil ein kunne dekke inn med auka tal festeavtaler, noko som er forutsett med stillinga. Eit årleg tal nye festeavtaler på 134 vil fullfinansiere stillinga direkte.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd kunngjer ei ledig 3-årig prosjektstilling i 20% i gravplassadministrasjonen frå 1. februar 2017.

2. Askvoll sokneråd sitt administrasjonsutval føretek tilsetting i stillinga i samsvar med gjeldande regelement.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd kunngjer ei ledig 3-årig prosjektstilling i 20% i gravplassadministrasjonen frå 1. februar 2017.

2. Askvoll sokneråd sitt administrasjonsutval føretek tilsetting i stillinga i samsvar med gjeldande regelement.